

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Møre.

Tilleggsspørsmål nr. til nr. 36.

Herad: Haram.

Emne: Helsing, fakter og atferd.

Bygdelag: Skuløy.

Oppskr. av: Karl Rogne.

Gard: Rogne.

(adresse): Longva, Skuløy.

G.nr. 7 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter det eg veit.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

A. Ved ymse høve.

1. Eg kjenner ikkje til anna under dette pkt. enn at ein kunde ha moro av aa "holmskjera" ein som var seinvoren eller lat til aa skjera.

2. Nei.

3. Her skulde gutane paa vorren jolaftan, dersom dei ikkje hadde fenge fisk i adventa. Gjentone skulde syta for aa faa dei dit. Hadde ikkje gjentone fenge ungekalv i fjoset i adventa, skulde dei paa dungen (møkedungen) jolaftan. Dette skulde gutane syta for. (Um desse skikkane hev eg visst skrive fyrr).

B. Um ser- eller utnamn paa folk.

4. Dei vart nemnd "rennebikkja", "nasebikkja", el. "renneloka". Det galdt ikkje berre for 1. joledag, men og for 1. paaskedag og 1. kvitsundag.

5. Dei fekk sitja paa hella eller i skorteingruva.

6. Namn som "lakebrok", "seigesei", "silhaar" el. likn. kunde sumtid vera brukt um folk som ikkje gjorde sin skyldnad som dei skulde og burde.

Karl Rogne.